



Meland kommune

Møtebok for Administrasjonsutvalet

Møtedato: 30.08.2017
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: 09:00 - 09:20

Møte vart styrt av Nils Marton Aadland

Medlemene vart innkalla i skriv datert 22.08.2017

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Nils Marton Aadland	H	Utvalseiar
Marit Samnøy Jøssang	KRF	Nestleiar
Øyvind H. Oddekalv	AP	Medlem
Anne Grete Eide	AP	Medlem
Sigmund Larsen	FrP	Medlem
Silje Ingelin Sæterstøl	V	Medlem
Sølvi Norunn Knudsen	SP	Medlem
Anita Dale		Arbeidstakarrepresentant
Kristine Hordvik		Arbeidstakarrepresentant
Adolf Hovgaard		Arbeidstakarrepresentant

Desse møtte frå administrasjonen:

Rådmann Martin W. Kulild og personal- og organisasjonssjef Kari Anne Iversen

Rådmannskontoret
31.08.2017

Nils Marton Aadland
Leiar

Kathrine Straumøy Brakstad
Personalkonsulent

Sakliste

Saknr	Tittel
10/2017	Godkjenning av innkalling og sakliste
11/2017	Godkjenning av møtebok
12/2017	Referatsaker
13/2017	Kompetanseutviklingsplan 2018-2019, strategisk del
14/2017	Rekrutteringsstrategi pleie og omsorg

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		17/1916

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
10/2017	Administrasjonsutvalet	PS	30.08.2017

Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Administrasjonsutvalet - 10/2017

ADM - behandling:

ADM - vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		17/1916

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
11/2017	Administrasjonsutvalet	PS	30.08.2017

Godkjenning av møtebok

Vedlegg:

Protokoll - Administrasjonsutvalet - 31.05.2017

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Møtebok vert godkjent.

Administrasjonsutvalet - 11/2017

ADM - behandling:

ADM - vedtak:

Møtebok vert godkjent.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		17/1916

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
12/2017	Administrasjonsutvalet	PS	30.08.2017

Referatsaker

Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
12/2017.1	Tilsetjingsprotokoll frå administrativt møte 24.06.2017 Helsefagarbeidar 60% fast vikar Meland heimeteneste
12/2017.2	Tilsetjingsprotokoll frå møte i tilsetjingsrådet 14.06.2017 Sosialkonsulent/rettleiar - fast stilling og vikariat, intern utlysing NAV
12/2017.3	Tilsetjingsprotokoll frå administrativt møte 02.05.2017 Lærer 92% vikariat Vestbygd skule
12/2017.4	Tilsetjingsprotokoll frå administrativt møte 03.07.2017 Fastlege 100% vikariat
12/2017.5	Tilsetjingsprotokoll frå administrativt møte 04.07.2017 Lærer 76% vikariat ved Sagstad skule
12/2017.6	Tilsetjingsprotokoll frå administrativt møte 04.07.2017 Lærer 97% vikariat ved Sagstad skule
12/2017.7	Tilsetjingsprotokoll frå administrativt møte 07.06.2017 Lærer 50% fast vikarstilling ved Grasdalen skule
12/2017.8	Tilsetjingsprotokoll frå administrativt møte 13.07.2017 Fastlege 100% vikariat
12/2017.9	Tilsetjingsprotokoll frå administrativt møte 24.06.2017 Sjukepleiar 100% vikariat Meland heimeteneste
12/2017.10	Tilsetjingsprotokoll frå administrativt møte 28.06.2017 Lærer 50% vikariat skuleåret 2017 Grasdalen skule
12/2017.11	Tilsetjingsprotokoll frå administrativt tilsetjingsmøte 11.08.2017 Helsefagarbeidar 80% fast stilling, Meland sjukeheim
12/2017.12	Tilsetjingsprotokoll frå administrativt tilsetjingsmøte 02.06.2017 Lærer 80% og 20% vikariat ved Vestbygd skule
12/2017.13	Tilsetjingsprotokoll frå administrativt tilsetjingsmøte 08.08.2017 Pianopedagog 10,28% fast stilling, intern utlysing
12/2017.14	Tilsetjingsprotokoll frå administrativt tilsetjingsmøte 08.08.2017

	Treblåspedagog 10,28% fast stilling, intern utlysing
12/2017.15	Tilsetjingsprotokoll frå administrativt tilsetjingsmøte 11.08.2017 Helsefagarbeidar 43,49% vikariat, natt-tenesta, Meland sjukeheim
12/2017.16	Tilsetjingsprotokoll frå administrativt tilsetjingsmøte 11.08.2017 Sjukepleiar 100% fast stilling, Meland sjukeheim
12/2017.17	Tilsetjingsprotokoll frå administrativt tilsetjingsmøte 14.08.2017 Sjukepleiar 100% fast stilling, Meland sjukeheim
12/2017.18	Tilsetjingsprotokoll frå møte i tilsetjingsrådet 08.06.2017 Assistent i skule og SFO 20% fast stilling ved Rossland skule
12/2017.19	Tilsetjingsprotokoll frå møte i tilsetjingsrådet 08.06.2017 Lærer 15% fast stilling ved Rossland skule
12/2017.20	Tilsetjingsprotokoll frå møte i tilsetjingsrådet 08.06.2017 Lærer 85% fast vikarstilling ved Rossland skule
12/2017.21	Tilsetjingsprotokoll frå møte i tilsetjingsrådet 14.06.2017 Sosialkonsulent/Rettleiar 100% fast stilling, intern utlysing NAV
12/2017.22	Tilsetjingsprotokoll frå møte i tilsetjingsrådet 22.06.2017 Helsefagarbeidar 100% fast stilling Meland sjukeheim
12/2017.23	Tilsetjingsprotokoll frå møte i tilsetjingsrådet 22.06.2017 Helsefagarbeidar 21% helgestilling Meland sjukeheim
12/2017.24	Tilsetjingsprotokoll frå møte i tilsetjingsrådet 22.06.2017 Helsefagarbeidar 24% helgestilling Meland sjukeheim
12/2017.25	Tilsetjingsprotokoll frå møte i tilsetjingsrådet 22.06.2017 Helsesøster 100% vikariat
12/2017.26	Tilsetjingsprotokoll frå møte i tilsetjingsrådet 22.06.2017 Helsesøster 20% fast stilling intern utlysing
12/2017.27	Tilsetjingsprotokoll frå møte i tilsetjingsrådet 22.06.2017 Lærer 100% fast stilling ved Sagstad skule
12/2017.28	Tilsetjingsprotokoll frå møte i tilsetjingsrådet 22.06.2017 Lærer 100% fast stilling ved Sagstad skule
12/2017.29	Tilsetjingsprotokoll frå møte i tilsetjingsrådet 22.06.2017 Lærer 100% fast stilling ved Sagstad skule
12/2017.30	Tilsetjingsprotokoll frå møte i tilsetjingsrådet 22.06.2017 Lærer 100% vikariat ved Sagstad skule
12/2017.31	Tilsetjingsprotokoll frå møte i tilsetjingsrådet 22.06.2017 Pedagog Kultursirkel
12/2017.32	Tilsetjingsprotokoll frå møte i tilsetjingsrådet 22.06.2017 Sjukepleiar 74% fast stilling natt-tenesta Meland sjukeheim
12/2017.33	Tilsetjingsprotokoll frå møte i tilsetjingsrådet 22.06.2017 Skulekorpsdirigent 30,81% fast stilling
12/2017.34	Tilsetjingsprotokoll frå møte i tilsetjingsrådet 22.06.2017 Skulekorpsdirigent 30,81% vikariat
12/2017.35	Tilsetjingsprotokoll frå møte i tilsetjingsrådet 28.05.2017 Sjukepleiar 2 faste 100% stillingar intern utlysing ved Meland heimeteneste
12/2017.36	Tilsetjingsprotokoll frå møte i tilsetjingsrådet 30.06.2017 Barne- og ungdomsarbeidar 100% fast stilling Sagstad skule/SFO

12/2017.37	Tilsetjingsprotokoll frå møte i tilsetjingsrådet 30.06.2017 Barne- og ungdomsarbeidar 70% fast stilling, Sagstad skule/SFO
12/2017.38	Tilsetjingsprotokoll frå møte i tilsetjingsrådet 30.06.2017 Barne- og ungdomsarbeidar 71% fast stilling Sagstad skule/SFO
12/2017.39	Tilsetjingsprotokoll frå møte i tilsetjingsrådet 30.06.2017 Barne- og ungdomsarbeidar 73% vikariat Sagstad skule
12/2017.40	Tilsetjingsprotokoll frå møte i tilsetjingsrådet 30.06.2017 Barne- og ungdomsarbeidar 80% fast stilling Sagstad skule/SFO
12/2017.41	Tilsetjingsprotokoll frå møte i tilsetjingsrådet 30.06.2017 Barne- og ungdomsarbeidar 80% vikariat Sagstad skule/SFO
12/2017.42	Tilsetjingsprotokoll frå møte i tilsetjingsrådet 30.06.2017 Barne- og ungdomsarbeidar 84% vikariat ved Sagstad skule/SFO

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering.

Administrasjonsutvalet - 12/2017

ADM - behandling:

ADM - vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Kari Anne Iversen	FE - 430	17/1753

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
13/2017	Administrasjonsutvalet	PS	30.08.2017

Kompetanseutviklingsplan 2018-2019, strategisk del

Vedlegg:

Kompetanseutviklingsplan 2018-2019

Mal for tiltaksplan

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Tidlegare kompetanseutviklingsplan for Meland kommune gjaldt for perioden 2012 – 2015. I desember 2015 vart perioden for denne gjennom vedtak i administrasjonsutvalet forlenga til å gjelde ut 2016. Arbeidet med å lage strategisk del for perioden 2017 – 2019 kom noko seint i gang, dette med bakgrunn i kapasitetsproblem, men per mars 2017 hadde arbeidsgruppa klar framlegg til ein ny strategisk del for perioden 2018 – 2019. Denne vart sendt på høyring til tenestoområda og arbeidstakarorganisasjonane. Det har ikkje kome inn merknader eller framlegg til justeringar.

I tillegg til den strategiske delen skal det også denne gongen lagast tiltaksplanar på det enkelte tenestoområde for 2 års-perioden, jf vedlegg. Dei skal då ta utgangspunkt i dei 8 fokusområda som er fastsette for perioden:

1. Leiarutvikling
2. Endring og omstilling
3. Systematisk kvalitetsarbeid
4. IKT – digitalisering
5. Fagleg kompetanseheving
6. Forvaltningskompetanse
7. Beredskap
8. Etikk

Områda er valde med utgangspunkt i drøftingar i arbeidsgruppa, der både helse/omsorg, skule, teknisk sektor og sentraladministrasjonen har vore representert. For nokre av dei 8 områda, t.d. leiarutvikling og beredskap, vil tiltaksplanar bli utarbeidd av kommunen sentralt.

Vurdering:

Med bakgrunn i at det ikkje har kome inn merknader i høyringsrunden legg rådmannen til grunn at tenestoområda og arbeidstakarorganisasjonane seier seg nøgd med dei valde 8 fokusområda. Det er elles grunn til å peike på at kompetanseutvikling vil bli ein viktig del av den arbeidsgjevarpolitikken

som skal utformast for den nye kommunen Alver og som skal gjelde frå og med 01.01.2020. Åra 2018 og 2019 vil såleis bli ein mellomperiode, der kompetanseutvikling sjølvstøtt må gå sin gang og då med den målsetjinga at Meland kommune skal vere best mogleg rusta til å gå inn i den nye kommunen. Samstundes vil eit meir langsiktig perspektiv enn 2 år og ein kompetanseutviklingsplan for ein heilt ny kommune løysast gjennom andre prosessar og på andre måtar enn det som ligg til grunn for vedlagte plan.

Folkehelse: Ikkje relevant i saka

Miljø: Ikkje relevant i saka

Økonomi: Tiltaksplanane må vere i samsvar med budsjettet for tenesteområdet.

Framlegg til vedtak:

«Administrasjonsutvalet godkjenner Kompetanseutviklingsplan for Meland kommune 2018-2019, strategisk del, slik denne ligg føre i saka»

Administrasjonsutvalet - 13/2017

ADM - vedtak:

«Administrasjonsutvalet godkjenner Kompetanseutviklingsplan for Meland kommune 2018-2019, strategisk del, slik denne ligg føre i saka»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Kari Anne Iversen	FE - 419, FA - G73, TI - &20	17/1741

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
14/2017	Administrasjonsutvalet	PS	30.08.2017

Rekrutteringsstrategi pleie og omsorg

Vedlegg:

Rekrutteringsstrategi for pleie og omsorg

Saksopplysningar:

Saksutgreiing:

Meland kommune har dei siste åra opplevd vanskar med å rekruttere til ulike stillingar innan pleie og omsorg. Dette gjeld i hovudsak for stillingar med krav til høgskuleutdanning, dvs. sjukepleiarar og vernepleiarar. Ved Meland sjukeheim har det vist seg særleg vanskeleg å få til stabil bemanning i natt-tenesta. I Meland heimeteneste har fleire av dei ledige vernepleiarstillingane vore utlyste ei rekkje gongar, utan at det har meldt seg kvalifiserte søkjarar.

Bakgrunnen for at denne situasjonen har oppstått er samansett. Nokre av svara finn eine i den generelle arbeidsmarknadssituasjonen for denne typen stillingar. Når det gjeld sjukepleiarstillingar konkurrerer Meland m.a. med pleie- og omsorgstenestene i Bergen kommune, og då i særleg grad Åsane bydel. Bergen kommune konkurrerer på si side med Helse Bergen om denne arbeidskrafta, og helseføretaka sin lønsprofil ser ut til å vere annleis og på eit høgare nivå enn den profilen vi har i vårt tariffområde. Rådmannen må her ta atterhald om at dette er uformelle observasjonar vi har gjort i konkrete rekrutteringssaker, - vi har ikkje inngåande eller konkret kunnskap om den lokale lønspolitikken korkje i Bergen kommune eller i Helseføretaket.

For kommunane i Nordhordlandsregionen er det lettare å få fram konkrete samanlikningstal når det gjeld løn. Desse syner at det ikkje er vesentlege skilnader i lønsnivå for sjukepleiarar/vernepleiarar mellom desse kommunane. Det er særleg aktuelt å samanlikne med Lindås og Radøy kommunar.

Andre faktorar som truleg har innverknad på rekrutteringssituasjonen, spesielt når det gjeld å behalde arbeidskraft, er arbeidstidsordningar, organisering av arbeidet og høve til fagfellesskap. Det er i særleg grad heimetenesta som opplever utfordringar innan desse områda, og då i hovudsak innan tenestyting til menneske med nedsett funksjonsevne. Rådmannen etablerte difor i mars 2017 eit prosjekt med projektnamnet *Stabil og forsvarleg bemanning for tenestyting til menneske med nedsett funksjonsevne*. Føremålet er å vurdere om noverande organisering av tenesta til målgruppa er føremålstenleg i høve lovkrav, samt sikre forsvarleg og kompetent bemanning. Det er ei målsetjing at arbeidet i prosjektgruppa skal vere ferdigstilt 31.12.17.

Parallelt med ovannemnde prosjektarbeid har administrasjonen og dei tillitsvalde i fellesskap sett på om det kan vere andre tiltak som kan styrke rekrutteringssituasjonen i pleie og omsorg. I dette arbeidet har dei to tenesteområdeleiarane, HR og dei hovudtillitsvalde i Fagforbundet, NSF og FO deltatt. Arbeidet starta i mars 2017 og har resultert i ei liste over ulike tiltak, jf. vedlegg. Nokre av tiltaka går på økonomiske incentiv. Gruppa har likevel vald å ikkje gå inn med endringar/lønstillegg i høve HTA sitt system for garantiløn, dette med bakgrunn i at det då er svært lett å lage store lokale skeivheiter på ansiennitetsstigane, noko som ikkje er ønskjeleg.

Det mest radikale tiltaket er nok tilbodet om ein eingongssum på kr 50 000 ved oppstart. I mai/juni 2017 vart dette tilbodet annonsert ved utlysing av sjukepleiarstillingar og vernepleiarstillingar. Erfaringsgrunnlaget er førebels litt avgrensa, men responsen har så langt vore bra, jf. m.a. oversynet nedanfor kva gjeld vernepleiarstillingar:

Miljøterapeut/vernepleiar, 100% fast stilling	17 søkjarar	4 med vernepleiarutdanning
Miljøterapeut/vernepleiar, 2 faste 100% stillingar (har vore utlyst i eitt år utan kvalifiserte søkjarar)	15 søkjarar	3 med vernepleiarutdanning
Vernepleiar, 100% fast stilling (medlevarturnus)	24 søkjarar	15 med vernepleiarutdanning.

Også for dei utlyste sjukepleiarstillingane har det meldt seg fleire kvalifiserte søkjarar.

Tilbodet om eingongssum vert gitt saman med utsending av arbeidsavtalen, og det er utarbeidd ein særskilt avtale for utbetaling av eingongssummen, der bindingstida på 2 år er med som eige punkt. Tiltaket er eit einssidig administrativt vedtak. Det har ikkje karakter av lokal særavtale, og kommunen står heilt fritt til å avvike tiltaket dersom ein finn at det ikkje er føremålstenleg. Evaluering vil bli gjort fortløpande. Tiltaket har sjølvstøtt økonomisk side, men det er også store kostnader knytta til utstrakt vikarbruk og/eller innleige av arbeidskraft.

Vurdering:

Stabil og forsvarleg bemanning innan pleie og omsorg er ein føresetnad for at tenestene skal ha god kvalitet. Uro i personalgruppene, høg turnover, mange vikarar og bruk av vikarbyrå i pressa situasjonar er svært lite ønskjeleg. Målsetjinga om stabil og forsvarleg bemanning lar seg ikkje oppnå ved enkelttiltak. Det er difor viktig å jobbe med rekruttering på mange plan. Det er t.d. viktig å sjå på organisering (jf. pågåande prosjektarbeid) og turnusordningar. Det ser m.a. ut til at medlevarturnus er ein meir attraktiv arbeidsform enn ordinær turnus.

Økonomiske incentiv kan fungere i sjølve rekrutteringssituasjonen, men både erfaring og arbeidslivsforskning tilseier at det til sjuande og sist er oppfyljing av dei psykologiske jobbkrava (variasjon, læring, medverknad, verdsetjing, samanheng og framtid) som er dei viktigaste elementa for at folk skal velje å stå i jobben. Det er eit klart arbeidsgjevar/leiaransvar å jobbe med dette, samstundes som samarbeid med arbeidstakarorganisasjonane og deira tillitsvalde er svært viktig i dette arbeidet.

Rådmannen legg til elles til grunn at iverksetjing av nødvendige rekrutteringstiltak ligg innanfor dei

fullmakter rådmannen har gjennom kommunelova § 23 og også i Delegasjonsreglement for Meland kommune. Det partssamansette perspektivet er samstundes heilt vesentlig i denne typen saker og rekrutteringsstrategien for pleie og omsorg vert difor lagt fram for administrasjonsutvalet som ei orienteringssak.

Folkehelse: Ikkje relevant i saka.

Miljø: Ikkje relevant i saka

Økonomi: Nokre av tiltaka i strategien er av økonomisk karakter, men det er ein føresetnad at dette vert løyst innan gjeldande budsjett.

Framlegg til vedtak:

«Rådmannen vil tilrå at administrasjonsutvalet tar saka om rekrutteringsstrategi for pleie- og omsorgstenestene til orientering».

Administrasjonsutvalet - 14/2017

ADM - behandling:

Framlegg i møtet til redaksjonell endring av vedtak:

"Administrasjonsutvalet tar saka om rekrutteringsstrategi for pleie- og omsorgstenestene til orientering".

Dette framlegget vart **samrøystes vedteke.**

ADM - vedtak:

"Administrasjonsutvalet tar saka om rekrutteringsstrategi for pleie- og omsorgstenestene til orientering".